



Eivind Gardshol Bjørndal
Nedre Kirkebirkeland 18a
5227 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1431 - 16/6332

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

30.03.2016

Godkjenning - GBNR 57/26 - Legalisering av tilbygg til fritidsbustad

Administrativt vedtak. Saknr: 84/2016

Tiltakshavar: Eivind Bjørndal
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING

Tiltak:

Administrasjonen viser til søknad journalført motteke 21.12.2015, supplert 26.2.2016, om oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr 57/26 i Meland kommune. Søknaden omfattar vidare bruksendring av eksisterande kjellar til bustadformå.

Tilbygget og bruksendringa ble utført i 1986. Søknad ble innsendt den gong, men ikkje sluttbehandla på grunn av manglande opplysningar. Vedtaket nedanfor inneber legalisering av dagens situasjon.

Gbnr 57/26 er ein matrikelregistrert fritidseigedom med samla areal på om lag 2 daa. Tiltakshavar har oppgitt opphavleg, nytt og samla bygd areal til (BYA) til høvesvis 88,2 m², 39,2 m² og 147,5 m² (inkludert parkeringsareal på terreng).

Tilbygget er skildra gjennom plan-, illustrasjon- og fasadeteikningar vedlagt søknaden. Administrasjonen vurderer at søknaden inneheld tilstrekkelege opplysningar til at den kan behandlast.

VURDERING:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsling:

Søknaden ble nabovarsla i perioden 14.11.2015 utan merknadar. Nabovarslinga blir vurdert som tilstrekkeleg, jf pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedomen er gjennom kommuneplanen sin arealdel (KPA) med føresegner gitt status som LNF-spreidd fritidsbustad. Omsøkt tiltak er i samsvar med formålet og krev heller ikkje dispensasjon.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Administrasjonen godkjenner plassering av tiltaket som vist på teikning vedlagte søknaden med avstand til naboeigedomen gbnr 57/1 på 3,4 meter, jf pbl § 29-4, 3. ledd bokstav a. Det ligg føre erklæring om rett til plassering nærare nabogrense enn 4 meter frå denne eigedomen. Tiltaket er med dette i samsvar med føresegnene i pbl. § 29-4 om plassering, høgde og avstandskrav.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og arkitektonisk utforming, jf pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

”Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-4, jf § 21-4 etterfølgjande løyve til oppføring av tilbygg og bruksendring av kjellar på eksisterande fritidsbustad på gbnr 57/26 i Meland kommune, jf søknad journalført motteke 21.12.2015 med tilleggsdokumentasjon motteke 26.2.2016 og naboerklæring motteke 24.3.2014.

Tiltaket blir godkjent som utført, jf vedlagte plan-, illustrasjon- og fasadeteikningar journalført motteke 21.12.2015. Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket er utført i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Opplysningane i søknaden om bygning, areal og tiltakshavar vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Innvendige teikningar
Utvendige teikningar

Mottakere:

Eivind Gardshol Bjørndal

Nedre 5227
Kirkebirkeland 18a

NESTTUN